



# IL Fanaråk

## ÅRSMØTE 2022

# IL FANARÅK

**14.februar 2023, FJORDSTOVA**

**Kl 19.30**

Hovedsponsor



Luster Sparebank



## ÅRSMØTE IL FANARÅK 2022

Tysdag 14.februar kl 19.30 - Fjordstova

Sakliste:

1. Opning
2. Godkjenning av dei stemmeberettiga
3. Val av møteleiar og sekretær
4. Val av to til å skrive under møteboka
5. Godkjenning av innkalling
6. Godkjenning av sakliste
7. Årsmelding frå styret
8. Årsmeldingar frå undergruppene
9. Rekneskap/budsjett
10. Fastsetjing av medlemskontingenten
  - Styret sitt forslag (vedlegg 1)
11. Vedta IL Fanaråk si lov
12. Innkomne saker
  - Tursti: Notasva – Wittgensteintavla
  - Sak frå Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt (vedlegg2) - uttalelse frå styret (vedlegg 3)
  - Rehabilitering av ballbinge Fortun
  - Sykkelbane (vedlegg 4)
13. Val

Servering

Styret IL Fanaråk

## ÅRSMELDING FOR IL FANARÅK 2022

IL Fanaråk består av eit hovudstyret og 5 undergrupper. Styret er samansett slik:

- Anders Fortun (leiar)
- Stine Rebni Bjørk (nestleiar)
- Jakob Øygard (kasserar)
- Mona Bukve (sekretær)
- Vegard Fodnes (styremedlem)
- Anne Marie Bolstad (styremedlem)
- Anja Skagen (vara)
- Torill Neverdal (vara)

### Undergruppene

Leiarar/kontaktpersonar:

Fotball: Arild Paulsen

Trim/friidrett: Lena S. Bolstad (volleyball) Lene Wiese (barneidrett) Mona Bukve (basistrening)

Ski: Vidar Flikki

Klatring: Sigurd Hauge

Turorientering: Stine Mari F Fuglesteg

I tillegg anleggsgruppe, hyttestyre, representant til

Sognefjellet Sommarskisenter, kontrollutval, valnemnd og utsendingar til Luster idrettsråd

## Årsmelding styret 2022

Idrettslaget har i 2022 hatt 214 medlemmar. Det digitale medlemsregistret er framleis ein terskel å bruke for fleire, men me prøver å hjelpe dei som ynsker det. Nytt er no at ein må og koble seg til dei gruppene ein ynskjer å vere med i. Som tidlegare må idrettslaget rapportere inn medlemmar for å få tilskot. Her får me ikkje føre manuelt lenger, men det er tala frå det digitale medlemsskapsystemet som vert brukt. Det er derfor viktig at alle er registret, og registret rett slik at tala våre er rette når dei vert rapportert inn.

Styret har i 2022 hatt 4 styremøter og eit gruppemøte.

IL Fanaråk, saman med fleire idrettslag, var så heldig å få støtte av Luster sparebank til bruk for barn og ungdom. Me vart invitert til banken på felles middag og prat med dei andre idrettslaga og mottok 80 000 kr. Pengane skal nyttast til å dekke medlemsskapsavgifta for born og ungdom opp til og med 18 år er i 2023 og resterande pengar skal nyttast til aktivitet, utstyr og opplevingar for same aldersgruppe. Det vil derfor vere ein forskjell på giroane ein får i forhold til det som er fastsett som medlemspris. Det er og mogleg å melde inn barn og ungdom som ikkje er medlem av idrettslaget på same gratisordning.

Saman med Luster kommune og idrettslaga Hafslo, Bjørn og Luster har Fanaråk delteke med stolpejakt. Det er stolpar ein kan scanne seg inn på med telefon av ulik vanskegrad. Dei fleste skal ein kunne nå med sykkel, barnevogn og barnevogn. Det er ein fin måte å oppleve stadar rundt om i kommunen på. Samla sett var det eit prosjekt som hadde mange deltakarar frå kommunen og andre kommunar.

### **Aktivitatar styret har gjennomført:**

Styret har som mål å skape sosiale møtestadar med rom for aktivitet for alle aldrar og gjerne på tvers av aldersgruppene.

- Refleksløp på ski i Hestahagen: uformell skigåing der ein leita etter refleksar rundt om i løypa
- Bingo på Fjordstova
- Bassengdisko på Fjordstova, delt inn i 2 ulike aldersgrpper

- Påskelabyrint og påskeaktivitet i nærområdet
- Sykkelukarusell, her kunne ein starte på Vassbakken eller sykle til Vassbakken
- Friidrettens dag i Hestahagen 26.august, med 20 born tilstades. Her var det høgde, lengde, kule og liten ball og løp
- Løp for meg i Hestahagen organisert som tidlegare
- Aktivitetsdag på Fjordstova i samband med Verdens dagen for psykisk helse, eit samarbeidsprosjekt med Fjordstova og Skjolden bygdelag
- Bassengdisko

Skjolden 20.jan 2022

Anders Fortun

## Årsmelding fotballgruppa 2022

Me starta med fotballeik i ballbingen på Skjolden 18. April, deretter treningar i Luster og på Skjolden. Stort sett dei samme trenarane i 22 som året før. Har delteke på 4 turneringar i 2022. 8 mai i Sogndal, 12 juni i Gaupne, 28. August på Leikanger og 25. september i Vik. Avslutning i Luster 26. September.

Seniorfotballen har hatt treningar som alltid 2 gonger i veka, på bana og inne på fjordstova om vinteren. Med frå 5-6 til 12-15 deltakarar, frå 13år til over 60!

Samarbeidslaget Bjørn/Fanaråk 1 og 2 har spelt i 5. og 7 divisjon. 1. laget rykka dessverre ned til 6.div etter endt sesong.

2.laget spelte sin fyrste turnering i 7 div på Skjolden 28 .mai med tap mot Svelgen og seier mot Fure. Etter ei tid med fåe eller ingen på trening, beslutta me å trekke laget frå resten av sesongen. Haust, og starten på vintersesongen sleit me og med nok folk til å kunne ha treningar.

I 2023 vert det mest truleg samarbeidslag mellom Bjørn, Hafslo og Fanaråk. Med lag i 5/6 div og i 7 div. Kanskje får me sjå fleire kampar frå samarbeidslaga på Skjolden stadion i 2023.

Banesjef Hans Arvid hadde som alltid kontroll på bana!

For fotballgruppa

Arild Paulsen

## Årsmelding trim/friidret 2022

### **Volleyball**

Volleyballen har hatt treningar på Fjordstova på søndagar kl. 18.00-19.30, samt nokon ekstra treningar i jula. Dei har vore opne for alle frå 8. klasse og oppover.

Vårsesongen 2022 kom noko seint i gang på grunn av koronarestriksjonar, men me fekk gjennomført 10 treningar. I haust har me og hatt 10 treningar.

Me er ein relativt stabil kjerne på 7-8 spelarar, men til saman var 29 personar innom i løpet 2022. Me har eit snitt på 8 spelarar pr kveld, så me har god plass til fleire.

Lena Stai Bolstad

## **Barneidrett**

Styret i meldingsåret har vore:

Lene Wiese, leiar.

Styremedlemer: Anne Helen Natvik, Trine Kvamme Sætherbø, Hege Hagen, Trygve Lerum.

På planleggingsmøte vedrørende oppsett for barneidrettsaktivitetar hausten 2022, var også Vidar Flikki med, og vil truleg gå inn i styret som fast medlem.

Barneidrettsgruppa valde å gå inn for to endringar i avviklinga av aktivitetane samanlikna med året før: Det var vedteke å gå tilbake til den gamle ordninga med å ha aktivitetane på fredagar. Tidlegare har det vore vanleg å dele borna inn i tre aldersgrupper. Denne gongen delte ein dei inn i to; ei småbarnsgruppe frå 0 år til og med 2.klasse, og ei gruppe for 3.-7.klasse.

Klokkeslettet var det same som tidlegare; 17.30-18.30.

Oppstart var i veke 42, då det var sykling i Hestahagen for dei minste og dei største hadde friidrett. Øvelsane her var: lengdehopp, ballkast, 60 meter. Det heile vart avslutta med ein stafett. Pensjonert idrettsoffiser Wilfred Pedersen stilte opp att i år også, og kom med kyndige råd. Barneidrettsgruppa er takknemlig for det.

Veka etter var det fellestur for alle i Fortun.

I veke 44 var det tumling for dei minste, medan dei største hadde innebandy i gymsalen i Fjordstova.

Veka etter var det på ny tumling for dei minste; dei største prøvde seg i klatreveggen.

I veke 46 var det bading for dei minste, medan dei største ungane prøvde seg på miniatyrskyting på skytebana i Fjordstova. Haldis og Oddgeir Kilen stilte opp på vegne av Fortun skyttarlag. Barneidrettsgruppa takkar for det.

Barneidretten vart avslutta veka etterpå med frileik og tradisjonell grilling i Kruklaø.

Barneidrettsgruppa takkar foreldre som har stilt velviljug opp når dei har vorte spurte om å vera ansvarleg for dei enkelte kveldar.

For barneidrett: Trygve Lerum

## **Basistrening**

Vårhalvåret hadde me 8 økter med Basisball Centercore, som er basistrening til musikk. For å gjere treninga meir tilgjengeleg for alle starta me opp med basisball express på hausten som er ei 30 minuttstøkt. Denne kan du ha åleine eller som oppvarming til anna trening. Etter 30 min med basisball fortsatte me med stasjonar der ein jobba med styrke, spenst og kondisjon. Hausthalvåret hadde me 9 økter.

I tillegg har me arrangert 3 KK-mila dette året. I januar skulle me vore på ski i Turtagrø, men pga været flytte me det til Fortun og ein tur på beina. Me hadde vårløp frå Eidsvatnet og oppover turvegen til Fortun og haustløpet var i Fortun i november.

På treningane er har det variert frå 2 – 13 stk. Det er plass til fleire, både damer og menn. Treningane er sosiale der me møter kvarandre, men alle jobbar individuelt ut frå sitt nivå og ønske.

Mona Bukve

## **Årsmelding ski 2022**

Fjorårets vinter kom med meir snø enn året før, noko som gjorde til at me kunne ha løypa i Hestahagen istadenfor Turtagrø. Det blei gjennomført 4 skikarusellar i Hestahagen frå Søndag 20/2, med godt frammøte desse dagane. Utdeling av premiar var siste karusellrenn 3/4. Eit prøveprosjekt med deltakarbok liggande i postkasse ved brakka i Hestahagen vart oppretta slik at folk kunne registrere seg utanom oppsette søndagar. Dette var vellukka og me tenker fortsetje med dette også komande år.

Brakka/ huset ved løypa i Hestahagen blei rydda slik at det er meir plass oppbevaring av relevant til ski og friidrett.

Anders er fortsatt med som primus motor på løypekøyning, sjølv om det også er starta opplæring av fleire på trakkemaskina for å dele på oppgåvene. Stor takk til Anders for god innsats!

For skigruppa: Vidar Flikki



## **Årsmelding klatring 2022**

Klatregruppa har i 2022 vore med på barneidrett og assistert når Barnas Turlag har hatt klatring på Skjolden. Det er mange med brattkurs og ein har hatt mykje god uformell aktivitet i klatreveggen.

Klatregruppa jobbar no med ein HMS plan slik at klatregruppa skal kunne drive meir organisert klatring.

Sigurd Hauge

## **Årsmelding turorientering 2022**

Framhald av fadderordninga på turpostane.

I 2022 prøvde me ei rullering på postane der 20 av 29 postar var med på turorienteringsskjemaet. Dette for å få ein variasjon på turane me har, og mogleg få opp besøkstalet på nokra av dei færrast besøkte postane. Ut i frå tilbakemeldingane me har fått vil me ikkje ha denne rulleringa i 2023, men ha med alle postane.

Me har ikkje hatt nye postar dette året, men me har fått løyve hjå Wittgenstein-stiftinga til å setje opp postkasse ved huset til Wittgenstein. Denne posten kjem med på skjemaet for 2023.

Det blir utdeling av premiar i mars 2023 til alle som hadde oppnådd gullkravet i turorienteringa 2022.

Trimkort selde: 76 stk (1 færre enn i 2021)

Trimkort innlevert: 50 stk

Tal trimmarar på alle postar: 7 (5 færre enn i 2021)

Trimmarar med gullkrav for fyrste gong: 0

Bronseplakett 5 år: Even André Bolstad

Sølvplakett 15 år: Lene Fuglesteg

Gullplakett 10 år: Øystein Bolstad

30 år: Per Ove Walaker

**Besøktal trimpostar:**

Vetlestølen: ca 30

Vetleåsen: 460

Fuglesteg: 530

Kolnosi: 109

Berdalsfjellet: 550

Vardanosi: 120

Helgedalsnosi: 220

Øvstestølen: 62

Nedstestølen: 82

Drægnismorki:

Lønningane: 127

Gjerseggi: 730

Åsetvatnet:

Bergaflaten:

Storatjødni: 920

Dulsete: 526

Sengaberget: 1480 (jan-sept 22)

Sjurolavikjane: 960 (nov 21- mai 22)

Fureholten: 975

Vetahovden: 64

For trimgruppa

Stine Mari Flikki Fuglesteg

### **Vedlegg 1:**

Styret tilrår at ein held på 200 kr for enkeltmedlem og 600 kr for familiemedlemsskap.

Sidan me er så heldige at Luster Sparebank betalar medlemskapsavgift for born og ungdom opp til og med 18 år, vil familiemedlemsskap bli fakturert med 250 kr.

Familiemedlemsskap gjeld opp til ungdommen er 18 år.

### **Vedlegg 2:**

Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt, [org.nr.:](http://org.nr.:927973502) 927973502, er eit vennelag som er stifta i Skjolden med ein visjon om å etablere ein av Norges flottaste fotturar.

Stien me ynskjer etablere, vil gå på fremsida av Bolstadnosi, opp på Bolstadnosi, og med retur via Rebni. I samband med vårt arbeid/prosjektering, ynskjer vennelaget søkje om tippemidlar.

Organisasjonsforma til vennelaget (forening/lag/innretning) oppfyller ikkje nye krav og vilkår knytt til tippemiddelordninga, og vennelaget håpar me kan inngå eit samarbeid med IL Fanaråk og nytte organisasjonsnr. til IL Fanaråk i samband med tippemiddelsøknad.

Vennelaget ser for seg eit samarbeid/avtale på samme måte som Skjolden Bygdelag og IL Fanaråk har hatt for turvegen Fortun-Skjolden, og der vennelaget kan overta eigaransvaret etter fullføring av prosjekt og har ansvar for drift og vedlikehald av stien.

Leiar i Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi Rundt,  
Karlis Bremers

### **Vedlegg 3: Uttalelse frå styret i høve samarbeid med Vennelaget for Sognetrappa og Bolstadnosi rundt**

Styret er positive til initiativet med å lage Sognetrappa med retur via Rebni nedatt. Formålet med idrettslaget er å skape aktivitet og sosiale møtestadar for alle aldrar, der hovudfokuset er barneidrett og breiddeidrett.

Styret ser på dette som eit stort prosjekt som i tillegg til bygdefolket er retta mot turfolk og turistar. Sjølv om ein avtale for samarbeid gjer at vennelaget overtek eigaransvar etter fullføring av prosjektet og har ansvar for drift og vedlikehald meiner styret dette prosjektet blir for stort for oss og at ein tippemiddelsøknad berre vil finansiere ein del av prosjektet. Styret ynskjer ikkje å ha ansvar i prosjektering/byggeprosessen på eit så stor prosjekt. Pr no har me ikkje kalkylar på kor store kostnader det er å gjennomføre prosjektet. Når det gjeld tippemidlar skal søknaden godkjennast og prioriterast opp av kommune og idrettsråd. Etter ei slik godkjenning kan det likevel gå mange år før ein evt får pengar til prosjektet.

Styret ynskjer å prioritere prosjekt som sykkelbane og rehabilitering av ballbinge som er ynskje frå barn og ungdom i området, då dette er meir i samsvar med intensjonen til idrettslaget. Me oppmodar Vennelaget å ta kontakt med til dømes Luster Turlag /Sogn og Fjordane turlag om dei ynskjer ein samarbeidspartnar i høve tippemidlar.

#### **Vedlegg 4 – Sykkelbane**

I samband med at me har fått pengar frå Luster sparebank inviterte me inn barn og ungdom til å komme med innspel om kva ein ynskte seg av opplevingar, aktivitetar og utstyr. I lag med mange gode innspel kom og sykkelbane. Dette har og komme opp tidlegare. Bana treng ikkje vere så stor, men må innehalde haugar/hopp og svingar som gjer at ein kan trikse/leike med sykkel. Pr no har me ikkje kostnadsrekna ei slik bane og ikkje funne areal.

Styret ynskjer at årsmøte godkjenner at styret jobbar vidare med lokalisjon og kostnadsberekning slik ein før 1.mai kan spele inn prosjektet til planar for dei neste 4 åra i kommunen.